



SAKSHANDSAMAR  
Lars Erik Eibak Bru  
Kristine Johansen

VÅR REF.  
25/02843-2

DYKKAR REF.  
25/4209 - IRJ

VÅR DATO  
08.10.2025

DYKKAR DATO

postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Justis- og beredskapsdepartementet - Lovavdelingen  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Att: Jabou Coker Nyang

## **Forslag til ny samleforskrift til oreigningslova. Riksantikvaren si fråsegn**

Vi syner til oversendt høyring av forslag om samleforskrift til oreigningslova.

Kulturmiljøforvaltinga si interesse er i fyrste rekke knytt til oreigningslova § 4 som opnar for vedtak om førehandsundersøkingar før eit ekspropriasjonsinngrep. I samband med forslag til reguleringsplan etter plan- og bygningslova, er det krav om at undersøkingar etter kulturminnelova § 9 skal være gjennomført før vedtak av planen. Om ein grunneigar nektar kulturmiljøforvaltinga tilgang til eigedommen, kan det stanse heile planprosessen. Endringa av oreigningslova § 4 i 2015, om særleg tvangsgrunnlag etter tvangsfullføringslova for vedtak om førehandsundersøkingar, var i så måte sterkt ønska.

Forslaget om at Statsforvaltaren no skal få myndigheit etter oreigningslova § 4 første ledd, har Riksantikvaren ingen merknad til.

Helsing

Kristine Johansen  
fung. seksjonssjef

Lars Erik Eibak Bru

**Brevet er elektronisk godkjend**